

Oppdater info i biblioteket - tekstforslag

Forslag 1. Om Tibi

Til bruk på nettsider, intranett eller andre relevante stader. Tilpass etter behov!

Tibi – Biblioteket for tilrettelagd litteratur

Tibi (tidlegare NLB) er ei teneste frå Nasjonalbiblioteket som lagar og låner ut tilrettelagd litteratur. Alle som strevar med å lesa visuell tekst, kan låna lydbøker, e-bøker og punktskriftbøker hos Tibi.

Stort og variert utval

Tibi har bøker for barn, ungdom og vaksne. Vel blant tusenvis av titlar i alle sjangrar. Studentar kan låna tilrettelagd studielitteratur.

Enkel tilgang på nett og mobil

Finn og lån bøker på nettsida eller i Tibi-appen. Der får du oversikt over nye bøker og kan finna nyheiter og boktips. Du kan også få tilsendt lydbøker på CD, og få hjelp på telefon.

Kven kan låna?

Alle som har utfordringar med å lesa, kan søka om å bli lånar. Nedsett syn, dysleksi, ADHD, kognitive utfordringar eller funksjonsnedsetjingar som gjer det vanskeleg å halda og bla i ei bok, kan vera det som gir lesevanskar og lånerett.

Bruk søknadsskjemaet på tibi.no. Du stadfestar sjølv at du har lånerett.

Kontakt

www.tibi.no

E-post: utlaan-tibi@nb.no

Telefon: 22 06 88 10 (kvardagar kl. 10-14)

Forslag 2. Kortare om Tibi

Tibi – Biblioteket for tilrettelagd litteratur

Tibi er ei teneste frå Nasjonalbiblioteket som lagar og låner ut tilrettelagd litteratur. Alle som strevar med å lesa visuell tekst, kan låna lydbøker, e-bøker og punktskriftbøker hos Tibi.



Tibi har bøker i alle sjangrar for barn, ungdom og vaksne. Lån digitalt og lytt med mobil og nettbrett, eller få CD tilsendt i posten.

Du finn meir informasjon på tibi.no (lenke)

Forslag 3. Veldig kort

Til dømes til bruk på skjermar i biblioteket, saman med bilete.

Alternativ 1:

Tibi – Biblioteket for tilrettelagd litteratur

Tusenvis av lydbøker til alle som strevar med å lesa

www.tibi.no

Alternativ 2:

Tusenvis av lydbøker!

Tibi – Biblioteket for tilrettelagd litteratur

www.tibi.no